

# Referat foreldremøte 1.trinn

Dato: 26.09.2023

## Informasjon frå helsepsykologar

Det er to helsepsykologar på huset.

I løpet av 1.trinn får alle elevar innkalling til skulestartundersøking. Der sjekkar ein blant anna høgde, vekt, har samtale om trivsel og eventuelle andre tema og spørsmål som føresette ynskjer å ta opp. Om foresatte ynskjer å kome inn tidlig eller har noko dei ynskjer å ta opp, ta kontakt med helsepsykologen.

Det er viktig for barns psykiske helse at me byggjer gode relasjoner. Føresette må ha fokus på å:

- Vise at ein er stolt over barnet
- Vis glede over å vere saman med barnet
- Byggje opp barnets sjølvbilde, gje ros og vere raus med klemmer.

Søvn spelar ei stor rolle for elevens kvardag og helse. Ein førsteklassing veks mykje og treng dermed mykje søvn - ca ti timer. Mangel på søvn kan påverke vekst, hormoner og liknande. Det er viktig at foresatte har gode rutiner rundt legging.

Eit godt kosthald og næringsrik mat er viktig for å vere opplagte gjennom skuledagen. Kosthaldssirkelen gjer gode råd, men nokre enkle tips kan vere:

- Skjær opp frukt og grønsaker
- Bruk grovt brød eller knekkebrød, salat eller middagsrester
- Søtsaker, boller, kake og kjeks skal ikkje med i matpakken.

## Olweus og paragraf 9A

Rosseland skule er ein Olweus-skule.

Olweus er eit program mot mobbing og antisosial åtferd. Målet med programmet er å førebyggje mobbing og skape eit trygt og godt skolemiljø for alle. Om elevar ikkje har det bra, må det gis beskjed så fort som mogleg slik at skulen kan setja i gong med tiltak. Alle har eit ansvar for at kvar og ein skal ha det bra på skulen.

## Paragraf 9A:

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Ta kontakt med skulen om heimen opplever at barnet ikkje har det trygt og godt på skulen. Skulen har aktivitetsplikt og må setja i gong tiltak.

Kommunen har kome med nye retningslinjer for å unngå uønska fråvær og skulevegring.

Rutinen er nå slik at kontaktlærar tek kontakt med heimen når eleven har fråvær i meir enn ti dager.

## Lærebrett

Send med ei tom drikkeflaske i sekken. Vi fyller på skulen.

Elevane skal ikkje laste ned appar, endre innstillingar, byte passord eller låne vekk læringsbrettet til andre. Mat og læringsbrett høyrer ikkje saman.

Frå og med veke 40 sender vi heim læringsbrettet kvar torsdag. Oppgåva er å sjekke om den treng oppdatering og setje til lading. Tørk også over skjerm og tastatur ved behov. Det er viktig at den kjem tilbake til skulen kvar fredag.

Det har kome skjerpa krav frå forsikringsselskapet. Ein MÅ gje informasjon om kven, kva, kor og når skaden har oppstått. Ved manglande informasjon er det foresatte som må dekke kostnaden.

### **Visma flyt**

Beskjeder, spørsmål eller melding om fråvær meldes inn til skulen via Visma flyt.

Skulen må ha meldinger innen klokka 08:00.

Kontaktlærar kan godkjenne inntil to dager permisjon. For lengre permisjon må foresatte søka via Visma flyt. Det går ikkje via app. Bruk lenke på skulens heimeside.

### **Generell informasjon**

- Lever og hent ungane ute då det blir så trangt i garderoben.
- Elevar som ikkje går på morgon-sfo skal ikkje inn med sekken før klokka ringer.
- Smartklokker MÅ vere i skulemodus og gjerne i sekken slik at det ikkje blir eit forstyrrande element.
- Vi ynskjer at alle elevar har innesko. Golvet er kaldt og elevane må ut på sokkane uansett vær om brannalarmen skulle gå.
- Lånekort: For å låne bøker ved skulens bibliotek, treng elevane lånekort. Dette må foresatte ordne nede på Time bibliotek.
- Alle elevar som syklar til skulen må ha hjelm. Elevar som blir kjørt skal sleppas av ved skulens hjertesone. Vi har ingen barn å miste.
- Abонner gjerne på skulens heimeside for informasjon og vekeplan.

### **Den viktige leseopplæringa**

Skulen brukar IMAL: integrert, multisensorisk, assosiasjonsbasert læring.

Vi lærer to bokstavar i veka, mandag og onsdag, mens resterande dagar har fokus på repetisjon og øving.

Tips for å hjelpe barnet:

- Leseleksa skal lesast høgt tre gonger for ein voksen som sit ved siden av og følgjer med.
- Bruk bokstavens LYD, ikkje bokstavnamn. Døme: L blir ikkje "ell".
- Bruk lesefinger: Ha fingeren under og stopp fingeren om dei les feil. Rett om eleven les feil, men utan å seie "nei". Korriger ved å seie det som er riktig. Hugs å halde det lystbetont.

### **Matematikk**

Skulen brukar læreverket Dragonbox. Vi brukar både digital plattform og bøker.

Fokuset den første tida i 1.klasse er:

- Øve på å telje i ulike situasjoner
- Talforståing
- Arbeide med tal og mengderekrepresasjoner opp til 20
- Skriving av tal

## **Foreldrekontakte**

Blå gruppe: Therese Haugland

Grøn gruppe: Elisabeth Olsen

Rød gruppe: Anette Mellemstrand

Gul gruppe: Oddbjørg Heskje

FAU-representant: Hilde Tønnessen Jacobsen

Vara: Lars Tjelle

Foreldrekontakte har laga ein sosial årsplan.

Hausten 2023:

- 26.oktober: Spelekveld på skulen
- 6.desember: Klassekontakte leverer graut. Skulen arrangerer nissedag.

Våren 2024:

- Veke 15: Arrangement utandørs. Klassekontakte kjem tilbake til dato.
- Felles sommaravslutning.